



## Årsmelding for Haugsvær helselag 2022

### I styret:

Reidun Kvamsdal (leiar)

Torill V Kristoffersen (nestleiar)

Sigrunn Vik (kasserar)

Dagny B Haugsvær (skrivar)

Revisor: Turid V Haugsvær og Elna Talle.

**Haugsvær helselag har som mål og driva helsefremjande arbeid og skapa trivsel ,aktivitet og samhald for store og små .**

Året starta med eindel korona reglar ,men heldigvis gjekk det ikkje lenge før restriksjonane var oppheva og me kunne planleggja og gjennomføra aktivitetane våre som før pandemien.

**11 og 12 mars** deltok leiar og nestleiar på nasjonalforeningen sitt årsmøte for Hordaland fylkeslag. Me var oppmoda til å fortelja om aktivitane i laget vårt. Me fortalte om godt samarbeid i bygda ,viste bilder og svarte på spørsmål. Responsen frå salen var kjempegod, og me fekk mykje skryt.

### 24 april

Endeleg kunne helselaget markera 70 år jubileum ( 2 år forseinka pga pandemien) Det var åpent hus i det gamle skulehuset og det samla seg mykje folk. Her var det utstilling av diverse hjelpe midlar som helselaget lånte ut til heimane, lenge før kommunen etablert heimesjukepleie. Helselaget sin dåpskjole hang nystrøken og fin på veggen. Den er 65 år, og mange har lånt denne. Dagny gjekk gjennom helselaget si historie frå starten i 1950 . Vidare var det bildeutstilling frå aktivitetar og turar som laget har stått for. Det vart ein trivelig søndag ettermiddag ,der mange gode minner og historier vart delt med kvarandre. Kaffi og kaker smakte godt og både store og små sette pris på lynlotteriet.

### Frisbeegolf

Laget har i år kjøpt inn utstyr og montert frisbeegolf, 18 poster. To står på leikeplassen resten er plassert langs den nye vegen mot gapahuken v/vatnet (mot utendørsanlegget) Håpar mange kan ha glede av denne aktiviteten.

### Helselagsbua:

I år har Bua vore open kvar lørdag. Her får ein nysteikte vaflar, kaffi og ikkje minst ein god prat . Besøktalet viser at mange set pris på denne møteplassen. I tillegg til lørdagane var Bua open kvar torsdag og fredag på ettermiddag i desember mnd.

### Helselagkafeen

Denne vert arrangert annakvar onsdag . Helselaga hentar og bringar,står for servering og organiserer aktivitet. Meste av tida går til prat,men ein runde med bingo evt quiz er og veldig populært.

### Gåturar/fysisk aktivitet.

Gåturane kvar tirsdag har vore gjennomført i år og. Som før har me starta frå Haugsværtunet kvar tirsdag kl 10 30. Turane har gått i skogsvegen ,Eventyrskogen og til gapahuken. Når føret har vore dårleg har turen gått langs vatnet (Strandgaten) På desse turane får ein både trim og ein god prat.

## **Badestranda**

Helselaget samarbeider med Haugsvær leik og fritid om å halda badestranda i orden. Helselaget tek utgiftene og Haugsvær leik og fritid står for rydding ,vask og tömming av campingtoalettet.

## **Hjertemarsj og demenaksjon**

I samarbeid med Solheim og Matre/Haugsdalen helselag var det arrangert hjertemarsj den 7 mai . Her var det natursti med 7 quiz postar,lotteri ,kaffi og vaflar. 5200 kr kom inn og vart sendt til Nasjonalforeninga sentralt. Me hadde ikkje arrangement i demensveka, men laget sende 2500,- til demensaksjonen.

## **Helselagsbasaren**

Endelig , søndag den 29 oktober kunne me ha basar utan restriksjonar, Mykje folk i alle aldrar møtte opp. Lodd og åresal gjekk strykande. «Den yngre garde» tok seg av åresal og servering av kaffi og kaker. Og dei minste gjekk med gevinstar. Inntekta frå basaren går til trivseltiltak i bygda.

## **Skulefrukost/lunsj**

Den 9 mai hadde ungdomskulane i Masfjorden i samarbeid med Bjørn West museet eit undervisningsopplegg på Matre. Helselaga i Indrefjorden stod for lunsjmåltid til elevar og lærara. Siste skuledag før jul laga og helselaga til smøremåltid og kokte kakao til elevar og lærar på Matre skule. Helselagsdamene fekk mykje skryt og det var den» beste kakaoen elevane hadde smakt»

## **Markering/opning av gapahuken v/vatnet og frisbeegolfbana**

Saman med Haugsvær leik og fritid vart det 1 juni ei trivelig markering av dei nye tiltaka. Her var det frisbee konkuranse, fiskekokuranse ,padling grilling av pølser og servering av saft,kaffi og kaker.

## **Julegrantenning**

Fredag før første søndag i advent vart juletreet tent på Haugsværtunet kl 17 .I strålende vintervær gjekk store og små vidare til Eventyrskogen for å sjå etter nissane som hadde gøynt seg der. Planen var at ein skulle tenna faklar langs ruta , men pga brannfarene vart dette erstatta med hodelykter. 2 nissar kom med gotteposar ,og det vart servert saft,gløgg og pepperkaker til alle

## **Blomsterhelsingar**

Alle over 80 år fekk blomstehelsingar til jul og runde dagar.

### **Laget har gitt økonomisk støtte til:**

Kafedrift på sjukeheimen	kr 1000,-
Barnehage/skule på Haiti	kr 5000,-
MBA , Masfj Bu og Aktivitet (kjøp av takke)	kr 2374,-
Kvernhusbakken (opp pussing av kjellaren)	kr 15 000,
Haugsvær bedehus (kjøp av komfyre)	kr 20 000,-

Me er heldigvis attende til ein normal kvardag og ser fram til mange aktivitetar neste år og.